

# VERKSEMDSPLAN

2020-2024



## INNHALDS LISTE

Innleiing	1
Litt om barnehagen og historikken	2
Visjon og verdiar	3
Livsmeistring og helse	4
Trygt og godt psykososialt barnehagemiljø	5-6
Sosial kompetanse og nære relasjonar	7-10
Danning	14
Omsorg	14
Leik	15
Læring	15
Medverknad	16
Likestilling og likeverd	17
Språkleg mangfold som ressurs	17
Tidleg innsats og utfordrande atferd	18
IKT i barnehagen	19
Barnehagen som kulturarena	19
Kosthald i barnehagen	20
Bursdagsfeiring i barnehagen	20
Kvardagssituasjonane	21-23
Dei 7 fagområda	24
Progresjonsplan for fagområda	25-31
Tilvenning - Dei yngste barna i barnehagen	32
Styrande organ	33
Samarbeid mellom barnehagen og heimane	34
Personalsamarbeid, utvikling og kompetanseheving	35
Vurdering	35
Administrativ og pedagogisk oversikt	36
Samarbeid med andre instansar	37
Feriekontrakt	38

## INNLEIING

Dokumentet du no les er verksemdsplanen for Huldal barnehage. Den inneholder diverse informasjon, overordna mål og satsingsområder som gjeld for dei 4 neste åra. I årsplanen for kvart enkelt barnehageår vert innhald og tema meir presist presentert. Årsplanen vert vidare konkretisert i avdelingane sine månadsplanar.

Verksemdsplanen er forankra i Lov om barnehagar og i nasjonal Rammeplan for barnehagen (ny 2017). I tillegg er vi forplikta til å følgje den lokale rammeplanen for alle barnehagane i Herøy kommune. Den kom ut i revidert versjon i 2020 og inneholder mellom anna satsingsområde og mål som er felles for Herøybarnehagane. Planane i Huldal barnehage skal bygge på den lokale rammeplanen, og vere eit grunnlagsdokument for personalgruppa sitt arbeid. Den lokale rammeplanen er og eit grunnlag i foreldresamarbeidet vårt.

Barnehagelova sitt utgangspunkt er at foreldra har hovudansvaret for omsorg og oppseding av barna. §1 i Lov om barnehagar seier: «*Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling*». Det tyder at barnehagen skal gi barna eit godt og trygt barnehagemiljø, med vekt på leik og samvær med andre barn og vaksne.

Saman med heimane skal barnehagen gi barna eit miljø som sikrar dei omsorg og støtte, stimulering, læring og utfolding og etisk rettleiing. Det vil seie at barnehagepersonalet skal støtte og utfylle foreldra sine oppgåver, og ta seg av delar av omsorgs og oppsedingsoppgåvene den tida barna er i barnehagen. Samarbeid mellom heim og barnehage er ein svært viktig faktor for at barnet skal trivast og få eit best mogleg tilbod i barnehagen. Vi håper og vil strekke oss langt for å få til det, men det krev og innsats frå foreldra si side. Vi er avhengig av tilbakemelding og vi ynskjer at foreldra skal kome til oss med det dei måtte undre seg over, og be om drøfting på det ein kjenner behov for.

Kom til oss med både «ris og ros».



## LITT OM BARNEHAGEN OG HISTORIKKEN

Barnehagen held til i Huldalen, nær Fosnavåg sentrum. Huldal barnehage vart opna i februar 1992 av Anne Rudolfsen og Anne Grethe Ørmen Dei leigde då lokala av BIL fotballgruppa. Etter vel 9 års drift takka dei for laget i juli 2001. Renate Sævik Paulsen har vore styrar sidan starten. Foreldra tok då over drifta av barnehagen. Hausten 2009 kjøpte Huldal barnehage klubbhuset og tilhøyrande areal av Fotballgruppa, og ei ombygging vart gjennomført, for å kunne romme ei ny 0-3 års avdeling i 1.etg av huset. Vi har med nokre utbetringar fått lokala svært godt eigna til barnehagedrift.

I 2013 bygde vi eit tilbygg der vi fekk på plass nye garderobe, grupperom og gymrom til storbarnsavdelinga.

Våren 2017 fekk vi ein flott ny leikeplass, med tilhøyrande stort uteskur med gapahuk. Vinteren 2018-19 vert den eldste delen av huset ombygd til ei større og betre personalavdeling, som rommar pauserom, kontor for styrar, garderobe og lager.

I samband med denne ombygginga fekk vi og på plass kontor til barnehagelærarane.

Hausten 2020 fekk vi bygd på areal for småbarnsavdelinga og vi fekk vi lagt til rette for ny inngang, ny garderobe, utvida arealet og forbetra sovefunksjonen på avdeling Armkroken.

Samvirkeføretaket Huldal barnehage SA eig og driv Huldal barnehage og er medlem i Private barnehagers landsforbund. Vi er synlege på facebook gruppa Huldal barnehage SA. Internt i bhg nyttar vi frå hausten 2021 PBL Mentor Kidplan som kommunikasjonsplattform med foreldra. Her vil vi få opp å gå ei nettside for Huldal barnehage, hausten 2021. Vi er opptekne av å være ein barnehage med god kvalitet i alle ledd. Vi har mange godt kompetente barnehagelærar i samsvar med nasjonalt bestemt pedagognorm, og har dei siste åra bygd mykje barnehagefagleg kompetanse i assistentgruppa, der alle no er fagarbeidrar.

Barnehagen har plass til barn i alderen 0-6 år, og fordeler seg på 2 avdelingar:

ARMKROKEN, for barna mellom 0-3 år i 1.etg.

HJERTEROMET, frå 3-6 år i 2.etg.

Vi tilbyr heile og delte plassar utifrå familiane sine behov.

Barnehagen si opningstid er frå kl.06 45-17 00.



## VISJON OG VERDIAR

Visjon:

### Det skal vere stort å vere liten i Huldal barnehage!

Vi har som mål at barna og foreldra skal oppleve å vere ein del av den beste barnehagen dei kan tenkje seg!

For å kunne oppnå visjonen vår, må personalet vere kompetente og motiverte for arbeidet sitt, og vi har valt desse orda som felles arbeidsmotto:

### Raushet og glede-vaksne tilstede!

Å skape gode dagar med høg trivselsfaktor og høve til utvikling individuelt og relasjonelt for dei små, er vårt viktigaste fokus som barnehagepersonale!

#### Hugseliste for eigen praksis for personalet i barnehagen:

- Vere autoritative (varme og grensesettande)
- Være omsorgsfulle og imøtekommende
- Vere tett på barna med positivitet og støtte
- Sjå og høyre enkeltbarnet, gi det kjensle av å føle seg verdfull i gruppa.
- Skape gode realasjonar både til barn og vaksne
- Bidra til humor og glede i kvardagen
- Rettleie både barna og kvarandre
- Gi barna gode opplevingar
- Gi barna og vaksne rom for prøving og feiling, og la dei få kjenne på mestring.
- Være samarbeidsvillige og løysingsorienterte
- Ha respekt for, tilgi og hjelpe kvarandre

Nasjonalt lovverk og planverk gir oss retningslinjer for kva menneskesyn og verdiar vi skal formidle til barna. Vi skal bygge på verdiar i kristen og humanetisk arv, og tradisjon. Det handlar om verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn. Som til dømes i *Den gylne regel: Alt det du vil at andre skal gjøre mot deg skal du gjøre mot dei.* Den gylne regel har ein sentral plass i mange kulturar/religionar og seier oss mykje om gjensidigkeit og likeverd.



## LIVSMEISTRING OG HELSE

Samfunnet er i stadig endring og personalet i bhg skal legge til rette for at barna meistrar både dagen i dag og eiga framtid. Vi trur hovudpunkta nedanfor er viktige hovedelement i kva barnet vil trenge støtte i både no, og seinare på livsvegen sin.

### Ein kropp som fungerer best mogleg:

I følgje rammeplanen skal barna verte glade i å bevege seg, lage mat, ete sundt og få ro og kvile. Dette er grunnleggande behov som fordrar at vi legg til rette for at barn får nettopp dette i bhg, samt at heimen og er bevisste på det same.

### God psykisk helse:

Mange unge og vaksne slit av ulike grunnar med psykiske plager og lidningar. Eit velutvikla kjenslespråk er både forebyggande og ei hjelpe når ein møter kriser og utfordringar. I barnehagen inneber det at personalet må vere like bevisste på å sette ord på skilnaden mellom å vere sint og lei seg , som skilnaden på raudt og blått.

### Å klare seg sjølv:

Dei fleste vaksne må holde orden på arbeid, heim og økonomi. Grunnlaget leggast gjennom å la barna få tid, rom og høve til å verte sjølvhjelpte og delta i kvardagsaktivitetar. Barn som ryddar, dekker bord, lager mat og liknande saman med andre frå dei er små, vert både sjølvstendige og gode på samarbeid som vaksne.

### Å like seg sjølv:

I eit samfunn som er i stadig endring er det vel så viktig å tolle å ikkje få til ting, som å vere flink til noko. Barn treng å få vite at dei er verdt noko i seg sjølv, totalt uavhengig av kva dei presterer på ulike områder!

I bhg er det tradisjon for å rose barn. Då er rosen ofte knytt til prestasjon. Vi freistar no dempe dette noko. Barn som vert kjenner seg vurdert utifrå prestasjon i utstrekkt grad som barn , vil nytte same kriterie for å vurdere seg sjølv som voksen. Det bidreg ikkje nødvendigvis til god sjølvfølelse.

### Å regulere seg sjølv:

Barnehagen må jobbe med å legge til rette for at barn utviklar seg frå ytre-til indrestyrte. Vi må spørje meir enn vi fortel og la barna få tid til å vurdere. Om barnet skal lære å regulere seg sjølv, må personalet la være å avbryte for raskt, før barnet får tid til å tenke sjølv!

### Å tolle motstand:

Samfunnsendringa gir at barna må lære å løyse problem, tenke kritisk og gjere ting på nye måtar. Til fleire gongar barn får erfare at det nyttar å seie ifrå om ting, dess betre vil dei tolle å stå i motgang som vaksne.

Livsmestring vert best ivareteke i meistringsmiljø og ikkje i prestasjonsmiljø.

Barn skal ikkje vere flinke, men meistre livet sitt litt etter litt, kvar einaste dag!

Då fordrar det nok tid og høve til å få øvd seg, f.eks til å kle på seg, skjenke mjølk, protestere, løyse konfliktar eller hjelpe andre lenge før ein eigentleg kan det!

Fleksibel organisering av kvardagen i barnehagen med hovudvekt på leik, aktiv deltaking og medverknad er nøkkelen for å lukkast!

## TRYGT OG GODT PSYKOSOSIALE BARNEHAGEMILJØ



Kwart enkelt barn er unikt som menneske.  
Barnet må få utvikle seg utifrå eigne  
forutsetningar. Vi legg vinn på at barna skal føle  
seg verdufle og godtekne for den dei er!  
Vi jobbar og bevisst mot at barna skal utvikle

seg til menneske med god sosial kompetanse. At alle barna skal oppleve å ha venner i barnehagen er særskilt viktig! Vi vil at barna skal lære å ta vare på kvarandre!

I januar 2021 kom det ei presisering i barnehagelova som omhandlar det psykososiale barnehagemiljøet. Presiseringane seier noko om at vi ikkje skal godta krenkelsar som til dømes uteslenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Definisjon på mobbing: «**Mobbing av barn i barnehagen er handlinger fra voksne og /eller andre barn som krenker barnets opplevelse av å høre til og være en betydningsfull person for fellesskapet i lek og aktiviteter» (Lund, 2015 s.45)**

Som voksne har vi ei plikt til å sikre at alle barna opplever eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø. Det er barnehagen sitt ansvar å forebygge mobbing. Personalalet skal ivareta barna, og sikre at dei opplever å vere ein del av eit inkluderande og trygt fellesskap, her i vår barnehage. Barnet skal oppleve å bli møtt med varme, anerkjenning, rettleiing og grenser i , og personalet skal arbeide for at barnehagebarna verken skal oppleve å verte krenka, eller å kome til å krenke andre. **Aktivitetsplikta som er beskrive i §41 i barnehagelova gir alle som arbeider i barnehagen, ei plikt til å gripe inn og handle etter fast prosedyre om ein ser eller hører at barn vert krenka.**

### Handlingspliktene til personalet er:

- 1) Plikt til å følgje med
- 2) Plikt til å varsle styrar i barnehagen
- 3) Plikt til å varsle eigar av barnehagen
- 4) Plikt til å undersøke
- 5) Plikt til å setje inn eigna tiltak
- 6) Plikt til å utarbeide skriftleg plan.



Barnehagen og heimane må ha god dialog og samarbeide godt, for å avdekke om barnet ikkje har det bra i barnehagen, tidlegast mogleg! Personalet har plikt til å undersøkje saka grundig, uansett om vi skulle sjå ulikt på saka enn foreldra!

**Personale og foreldre skal forebygge og forhindre krenkelsar av og mot barn,  
då må vi vere «på ballen», og vere vårt ansvar bevisst gjennom å:**

- Være aktivt deltagande vaksne, med interesse og evne, til sjå og høyre kva som skjer mellom barna, vere gode førebilete, og rettleie og hjelpe der det trengs.
- Være merksam på enkeltbarnet sin trivsel, leik og samversmønster i gruppa.
- Jobbe mykje med sosial kompetanse i barnegruppa. Å støtte barna i å utvikle empati og omtanke for andre.
- Ta vennskap mellom barn på alvor. Samstundes som vi skal hjelpe barn som slit med å få innpass i leik, eller finne si rolle i barnegruppa, må vi la barn med nære vennskap få lov å dyrke vennskapet
- Fremje positive haldningar og hindre at det utviklar seg negative samhandlingsmønster i barnegruppa.
- Gi barna erfaring i å handtere konfliktar, og gi dei aktuelle innspel på korleis usemjø kan løysast, til det beste for alle.
- Vise barna den gode vegen det er å behandle alle med respekt, og syne i praksis korleis vi omtalar og er saman med andre menneske, på ein måte som er inkluderande og god for oss alle.
- Ha god dialog mellom heimane å inkludere og etablere venskap.
- Foreldra må vere merksame på signal barna syner med tanke på trivsel i barnehagen. Ta raskt kontakt med personalet om de vert uroa for noko barnet formidlar.



## SOSIAL KOMPETANSE OG NÆRE RELASJONAR

Sikring av god samhandling og utvikling av tette gode relasjonar mellom personalet og barna, og i barnegruppa, er det beste fundamentet for eit trygt og godt barnehagemiljø.

Sosial kompetanse handlar nettopp om å kunne samhandle positivt med andre i ulike situasjonar. Som alt anna må god sosial kompetanse øvast på, og implementerast i det enkelte menneske. Barnehagen er ein god arena for å få øvd opp sin sosiale kompetanse. Her møtast mange barn og vaksne dagleg, og det gir rom for læring av sosiale ferdigheiter. Det er personalet som er ansvarlege for at barna får oppleve å vere ein del av eit positivt samspel. Vi må hjelpe barna til å stå opp for seg sjølv, og samstundes til å sjå situasjonen frå den andre si side, og å vise medkjensle og omtanke for kvarandre.

For å kunne støtte barnet best, krevst det at vi har nære relasjonar til alle barna i gruppa. Det er alltid den vaksne som er ansvarleg for relasjonsbygginga. Å skape ein god relasjon handlar ikkje om at den voksne alltid skal imøtekommeste barna sine ynskjer. Barnet skal likevel føle at det blir sett, og tatt på alvor i ein kvar situasjon, også der den vaksne må ta ein avgjerd som går på tvers av det barnet ynskjer å oppnå. Det viktige er den kjensla barnet sit att med, av å vere respektert og akseptert i situasjonen.

Eit viktig spørsmål er korleis eg som voksen kan vite at barnet opplever ein god relasjon til meg? Vi tenkjer at om.....

**praksisen min synleggjer følgande punkt i barnet kan eg føle meg trygg på at barnet har det godt saman med meg:**


- Barnet tek kontakt med meg
- Barnet viser meg glede, sinne, sorg
- Barnet søker meg for trøyst
- Barnet utfordrar meg
- Barnet vil leike med meg
- Barnet oppsøkjer meg og vil fortelje meg ting
- Barnet stiller spørsmål og undrar seg saman med meg
- Barnet søker nærvær med meg
- Barnet vil leike med meg

### Kjenneteikn på god praksis som personal i Huldal bhg:

- Eg prioriterer samspel med barnet først
- Eg viser glede og interesse overfor barnet
- Eg bekreftar barnet sine kjensler
- Eg er til stade i samspel med barnet
- Eg viser interesse for det barnet seier og gjer
- Eg er trygg i relasjonen med barnet
- Eg er tilgjengelig for barnet
- Eg VEIT at det er eg som voksen, som har ansvaret for å skape og bevare, - god relasjon mellom meg og barnet!



Vi arbeider kontinuerleg med relasjonskompetanse. Den vaksne i Huldal barnehage skal vere ein varm relasjonsbyggar til barnet og utøve tydelege krav og grenser. Den authoritative vaksne er eit grunnleggande prinsipp i verktøyet «Være sammen», som er eit program for inkluderande barnehagemiljø som vi har nytta sidan 2017. Sjå modellen under her.



Forsking syner at det er viktig at heim og barnehage møter barnet med same vaksenstil. Det gir trygghet, gode rammer og forutsigbarheit for barnet, på korleis dei nære vaksne møter barnet i ulike situasjonar der kjenslene kjem til uttrykk.

Kvart barn skal oppleve å verte sett med gode auge og få stadfesta seg eigen identitet.

Det vert fint beskrive i Løvelova som vi syng og refererer mykje til i barnehagen.

## LØVELOVA

**Kan du løvelova?  
Eg skal vere meg,  
men gi plass til andre  
slik at dei blir seg.  
Bry meg om ein annan,  
hjelpe når eg kan.  
Slik blir livet betre  
for barn i alle land.**

**Ser du ein bli plaga?  
Det er ikkje bra!  
Alle må stå saman  
om å sei i frå  
Alle barn på jorda,  
har den same rett  
Til å vere trygge  
og til å være sett.**

Løvelova er ein viktig del av verktøyet «Være saman».

I barneboka «Regnbogeløva sitt fantastiske brøl», møter vi Løvelova i forteljarform, der ein fokuserer på sjølvrespekt i barnet. «*Eg skal være meg*».

Samtidig må barna og lære at dei andre har same rett til å være seg «*men gi plass til andre slik at dei vert seg*».

Neste strofe gir ein gjensidig oppfordring om solidaritet: «*Bry meg om ein annan, hjelpe når eg kan. Slik blir livet betre for barn i alle land*»

I dei siste strofene av lova fokuserast det på barna sitt ansvar for andre, rettigheter for barn og det medverkande barnet.



**Progresjonsoversikt over korleis innhaldet i Være samen vert presentert for barna på dei ulike avdelingane:**

Armkroken 1-3 år	Hjerteromet 3-6 ÅR
<p>Vi brukar temabøkene som idebank til samlingsstunder</p> <p>Høyre på løvelova og synge den ofte</p> <p>Bli kjent med regnbogeløva og rotta Ramona og barna hennar.</p> <p>Dei vaksne må gje positiv tilbakemelding når nokon gjer noko bra for andre.</p> <p>Bruke rollespel og leik.</p> 	<p>Fortelje «Regnbueløvens fantastiske brøl», vektlegge grunnhistoria og kjenslene, snakke om teikningane i boka og fargar.</p> <p>Bruke Regnbogeløva som samtaleverktøy.</p> <p>Vere kjent med Regnbogeløva og bruke den i daglege situasjoner.</p> <p>Jobbe med Løvelova og knytte den opp mot daglege situasjoner, og kunne fortelje kvifor Løvelova er bra for alle.</p> <p>Kjenne, og etter kvart lære songane i «Være Sammen» ( Spotify)</p> <p>Øve oss på å gje positive tilbakemeldingar når nokon gjer noko bra, bry oss om, kunne uttrykke det.</p> <p>Bruke rollespel og leik.</p> <p>Bruke temabøker og Løva i samling og når det oppstår situasjoner – knytte det opp mot faktiske hendingar i barnehgruppa.</p> <p>Gje positiv tilbakemelding utan oppfordring når nokon gjer noko bra.</p> <p>Øve på å gje ros og ta imot ros, positiv perspektivtaking.</p>
<b>NB punkt - for både Armkroken og Hjerteromet</b>	
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ta med Regnbogeløva på tur</li> <li>• Dei vaksne må ha eit bevisst forhold til relasjonsbygging og tilknytningsteori.</li> <li>• Personalelet må vere gode rollemodellar på relasjonskompetanse</li> <li>• Det må nyttast metodar der barna sjølve vert aktiviserte i høve si eiga læring. Metodane må fenge barna og gi dei inspirasjon til å ta eit utviklingsskrift.</li> </ul>	

## DANNING

Danning er ein livslang prosess som ikkje må forveklast med oppseding. Danning er eit meir ope omgrep enn oppseding, då danningsprosessen inneber medverknad frå barnet .

Danning er evna til å for halde seg aktiv og verdiorientert til verda, vere reflekterande og kunne ta forpliktande personlege val. Dette legg grunnlaget for eit demokratisk samfunn.

Når barna vert inkludert, anerkjent og får medverke, etablerast ei grunnleggande tru på seg sjølv som eit aktivt menneske med rettar og plikter. Etter kvart vil dei kunne meistre å arbeide for at andre får dei same rettane som dei sjølve.

Vaksne i barnehagen og heimen må vere opne for barna si undring og refleksjonar. Vi må vere bevisste på at barna skal medverke i kvardagslivet. Vidare gje barna høve til og støtte til å ta eigne val, ta ansvar og lære av vala sine.

## OMSORG

Barna har rett på omsorg og skal møtast med varm, god og ektefølt omsorg. Det er ei yrkesetisk plikt alle som arbeider i barnehagen har. Personalet må vere vakne for det unike i kvart enkelt barn, og i kvar enkelt situasjon vi møter barna i. Ein omsorgsfull relasjon er prega av vilje til å lytte, være nær, innleving og evne og vilje til samspel.

Slik skal personalet vere mot barna, foreldra og kvarandre i Huldal barnehage!

Barnehagen vår skal tilby barna eit miljø som er prega av glede, humor, kreativitet og omtanke for fellesskapen. God omsorg styrkjer føresetnadane for å utvikle tillit til seg sjølv og andre. Å gi barna sjansen til å gi og ta imot omsorg frå kvarandre er grunnlaget for å utvikle sosial kompetanse, og eit viktig bidrag til eit livslangt læringsperspektiv.



## LEIK



Leiken har ein sentral plass i barnehagen. Leiken har verdi i seg sjølv, og er ei viktig side av barnekulturen. Å legge til rette for allsidig og god leik er ei av hovudoppgåvene til personalet i barnehagen. Leiken er barna sin viktigaste læringsarena. Den er ofta frivillig og styrt av barnet sjølv. Det er barna sin eigen genuine og fantastiske måte å arbeide seg gjennom inntrykk på, verte trygg på nye situasjonar og styrke sjølvkjensla med. Leiken styrker sosiale kompetanse og språkleg dugleik.

Barna i lærer å samarbeide, vise omsorg og inkludere kvarandre, løyse konfliktar, kommunisere m.m. I barnehagen ser vi leiken som det mest verdifulle barnet kan halde på med, og den får difor mykje rom i barnehagekveldagen. Det er viktig at den vaksne kan delta i leiken på barna sine premissar og observere kva som ”rører seg” i leikens verden, og støtte der det trengs, for at alle barn i leiken skal kjenne mestring og føle seg inkludert.

Med å legge til rette for, og skape felles inspirasjon til leiketema i barnegruppa å leike utifrå, inkluderer ein barn som kan slite med å henge med i leiken. Barna må og få nytte si naturlege nysgjerrigkeit til å oppdage, utforske og undre seg. På den måten samlar dei erfaring og kunnskap som dei kan nytte i både leik og kommunikasjon.

**Personalet må følgje godt med, og setje inn tiltak om barn ikkje deltek i leik, blir heldt utanfor, eller øydelegg leiken for andre. Å få ta del i leiken og få seg venner er grunnlaget for at barna skal trivast i barnehagen og oppleve den som meiningsfull for seg.**

## LÆRING

Læring som omgrep har fått ein sentral plass i rammeplan og i barnehagelova .Læring skjer i det daglege samspelet med andre menneske, og er nært samanvevd med leik, omsorg og danning. Læring skjer i både formelle og uformelle læringssituasjonar. Personalet må ha eit vakent auge med alle barna si utvikling og læring.

## MEDVERKNAD

Barna i barnehagen er gjennom barnehagelova gitt rett til medverknad på kvardagslivet i barnehagen. Barna skal ha høve til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av det som skjer i barnehagen. Barna sine synspunkt skal til leggast vekt i samsvar med barna sin alder og modning.



Barna uttrykkjer både kroppsleg og språkleg korleis dei har det. Personalalet må vere bevisst på dette og bruke det som utgangspunkt for å få fatt i kva barna meiner, opplever og føler om livet i barnehagen. For at barna skal kunne få medverke, må det vere god kommunikasjon mellom barna og personalalet, og mellom foreldre og personalalet. Barna skal erfare at personalalet er vakne for deira innspel, og at personalalet er tydlege og ansvarsfulle vaksne som tek omsyn til heile barnegruppa.

Personalalet må gjennom drøfting og refleksjon finne felles ståstad for korleis ein vil praktisere med verknad i enkelt situasjoner ein møter, og sikre at retten til medverknad for barnet er ivaretaken i heile barnehagekvardagen.

Barna har behov for tydelege vaksne som gir god rettleiing, og med det set naturlege og nødvendige grenser for barnet/barnegruppa. Kva er trygt/utrygt, ufarleg/farleg, akseptabelt/uakseptabelt og liknande. Barn skal sleppe å ta eit ansvar dei ikkje enno er rusta til å ta. Med god rettleiing frå nære gode vaksne vil barnet sjølv erfare kvar grensene går i samhandling med andre, og i sine individuelle læringsituasjoner.

**Medverknad handlar for oss om å utforske kvardagen saman med barna! Ein ansvarleg vaksen stiller seg open for nye måtar å forstå kvardagen på. Ein er villig til å undre seg og utforske nye, og kanskje uvante tankar, og uttrykksmåtar saman med barna!**

## LIKESTILLING OG LIKEVERD

Likestilling og likeverd er to sider av same sak. Likeverd handlar om å sjå individet ut ifrå ei grunnforståing om at alle er like mykje verdt og skal møtast likeverdig til tross for ulike føresetnader. Alle menneske er likeverdige uavhengig av kjønn, legning, etnisitet, religion, kultur og sosial bakgrunn.



Rammeplanen slår fast at barnehagen skal fremje likestilling mellom kjønna og at likestilling mellom kjønna skal gjenspeglast i barnehagen sin pedagogikk. Det er viktig for oss at alle barna i barnehagen, uansett kjønn, får like mogleheter og rettar. Vi her i Huldal vil jobbe bevisst mot ei likeverdig behandling av alle barna i barnehagen og at vi er villige til å endre praksis og haldningar der det måtte trengs. Vi vil kontinuerleg jobbe med vår eiga bevisstheit på området.

## SPRÅKLEG MANGFALD SOM RESSURS

Her i vår barnehage er vi så heldige at vi har mange ulike nasjonalitetar representert. Dette utgjer ein flott, spennande, fargerik og nyansert bukett av barn/vaksne som får eit utvida og nyansert syn på mangfald som ressurs. Vi ser på det språklege, kulturelle og religiøse mangfaldet blant barn, foreldre og personale, som ein normaltilstand, og det bidreg til at mangfald er ein naturlig del av barnehagekvardagen.

**Vi vil vere ein barnehage med ei ressursorientert tilnærming til mangfald.**

**Det innebærer at vi:**

- Ser på språkleg, kulturelle og religiøse ulikskapar som ein styrke og gevinst for fellesskapet i barnehagen
- Freistar å anerkjenne og synleggjere ulike språk, kulturar og religionar i barnehagen sitt innhald, planar og organisering.
- At alle barn, foreldre og personale er inkludert i vårt fleirkulturelle fellesskap.
- At barnehagen har ein fleirkulturell pedagogisk forankring.
- Vi vil ivareta barnas rett til å vere annleis i fellesskapet.
- Dei behova for tilrettelegging for barna med minoritet bakgrunn som skulle oppstå, skal verte organisert som ein naturlig del av barnehagen si verksemد.

## TIDLEG INNSATS OG UTFORDRANDE ATFERD

Forsking syner at tidleg negativ åtferd kan bety utvikling av meir negativ åtferd ved aukande alder. Om barn utviklar negativ åferd mot andre, må barnet få korrigerande hjelp i samspele med miljøet som omgir barnet i heimen og i barnehagen. Det vil seie at barnet må ha hjelp til å utvikle meir konstruktive måtar å løyse utfordringar på, enn å utøve negative handlingar.


Den vaksne si rolle vert då å hjelpe barnet til å gjere gode val i ulike situasjonar og å vere varme og tydlege vaksne.

### **Det er viktig at vi som vaksne har overblikk i små barns digitale kvardag!**

Vi ser allereie i barnehagealder at den digitale verda kan være ei utfordring, og at barn snakkar mykje om appar, dataspel og liknande, som er meint for eldre barn. Det dei ser og erfarer i spel og film dei ikkje er modne for syner ofte att i negativ åtferd mot kvarandre, i leiken, i språkbruk og gjennom handlingar mot kvarandre. Vern om kva inntrykk barnet vert utsett for og sorg for at barnet har ei trygt digitalt miljø heime. Dette kan også være ein form for tidleg innsats. Ei digital verd er også med på å forme barnet.

Samarbeid med heimen ser vi på som ekstra viktig i vårt arbeid med utfordrande åferd.

Ein open og trygg dialog mellom heim og barnehage er viktig for barnet.



### **Den autoritative vaksne møter den fysiske aggressjonen til barnet ved å:**

1. Utøve varm relasjonsbygging.
2. Gi ros ved gode handlingar
3. Vere tydleg i situasjonar med negative handlingar.

## IKT i BARNEHAGEN

«*Barn bør få oppleve at digitale verktøy kan vere kjelde til leik, kommunikasjon og kunnskapsinnhenting*» (Rammplanen for barnehagen)

I barnehagen har vi nokre tekniske hjelpemiddel barna møter kvar dag. Alt frå kopimaskin, skanner, mobiltelefon, datamaskin, Ipad, kamera osv..

IKT i barnehagen dreier seg om å i bruk og bli kjent med teknologi på ein hensiktsmessig og leikande måte. Digitale verktøy kan vere med på å stimulere barna sine eigne kreative uttrykk. Det krevst merksame vaksne som kan nytte desse verktøya med god hensikt. Det er viktig å understreke at det ikkje er det digitale verktøyet i seg sjølv som er av interesse, men måten vi som personale nytta det i vårt pedagogiske arbeid. Verktøya kan vi nytte i alle fagområda som ei kjelde til dokumentasjon, refleksjon, leik og læring.

Vi nytta og ei digital plattform som heiter Kidplan i kommunikasjonen med foreldra. Der skriv vi litt om dagen i dag. Samtidig tek vi mykje bilete som vi nytta i dokumentasjon enten ved å legge ut på Kidplan eller lage plakatar og plansjar som barn og foreldre kan sjå på og prate om.

## BARNEHAGEN SOM KULTURARENA

Kulturomgrepet er i rammeplanen definert som våre felles åtferdsmønster, kunst og estetikk, kunnskap, verdiar, haldningar, erfaringar og uttrykksmåtar. Det handlar om arv og tradisjonar, om å skape og levandegjere, fornye og aktualisere.

Barnehagen er ein viktig kulturformidlar, og kulturformidlinga er viktig for identitetsutviklinga til barnet. I barnehagen legg vi mykje vekt på tradisjonar, song og musikkskattar, litteratur og liknande, men også åtferdsmønster og uttrykksmåtar.

Kulturformidling må gå hand i hand med sosial kompetanse om barna skal få eit innhald og fundament å bygge vidare på. Dette tyder at vi må legge til rette for at barna vert kjent med lokalsamfunnet. Vi må innom regler og normer, kva verdiar naturen og miljøet gjev mm.

Barnehagen må ta del kulturen nærmiljøet gjennom møte med institusjonar, organisasjonar og enkeltpersonar. Personalet må vere bevisst på eigen kultur og verdiar og vere gode modellar for barna.

## KOSTHALD I BARNEHAGEN

I følgje rammeplanen skal barnehagen: «*Bidra til at barna tileignar seg gode vanar, haldningar og kunnskap om kost, hygiene, aktivitet og kvile.*

Eit sunt og godt kosthald i barneåra er viktig for vekst, utvikling og læring. Helsedirektoratet viser til retningslinjer for mat og måltid i barnehagen. Mat og drikke i barnehagen utgjer ein stor del av barna sitt totale kosthald, og difor har maten vi serverer stor betydning for barna si utvikling og helse.

Vi serverer 3 måltid kvar dag. Frokost, lunsj og ettermiddagsmåltid med frukt. Minimum en dag i veka serverer vi varm lunsj.



## BURSDAGSFEIRING I BARNEHAGEN

Bursdag er ein svært viktig dag for barna. Her i barnehagen vert kvar bursdag markert.

Bursdagsbarnet er i fokus og får være med å bestemme ein del kva som skal skje på dagen sin. Det er bursdagsbarnet sin dag og barnet får pynte seg med valgfri kappe og bursdagskrone. Vi har ein flott bursdagsstol. Barnet sit på bursdagsstolen både i samling og under måltid.

I samlingsstunda vert barnet gjort stas på, får mykje merksemd frå flokken sin og får ha hovudfokuset. Vi syng bursdagssong, fyrer av «bursdags raketter», gir barnet «lufteturar» etter alder, og skaper ei fin stund for barnet. Barnet får ei enkel heimelaga gave, som vert gitt til barnet under samling.



Meny for måltidet vert valt av barnet ut ifrå nokre alternativ. Søt mat er ikkje mellom alternativa, det kan vere ulike varmrettar eller bakst.

Vi dekker på med duk, flagg og lys og skaper ei fin ramme for måltidet. Vi prøver å skape ein dag som barnet ser fram til, koser seg med og hugsar!

## KVARDAGSSITUASJONANE

I det myldrande daglege livet i barnehagen går alle kvardagssituasjonane, og dei 7 fagområda inn i kvarandre. Den sosiale kompetansen til barna styrkar seg gjennom deltaking i kvardagssituasjonane. I det fylgjande oppsettet kjem ei oversikt over mål og metodebruk, som sjølv sagt må tilpassast alder og modningsnivå i barnet.



### LEVERING AV BARN

<b>Mål</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Barn og foreldre skal føle seg varmt velkomne og kjenne seg godt møtt</li> <li>Få gitt og få informasjon</li> </ul>
<b>Metode</b>	<p>Personalet møter barn og føresette i garderoba, helsar kvarandre god morgen og får utveksla informasjon. Bygge god relasjon med føresette. Støtter opp om å og lager gode rutinar for avskjed med foreldra, slik at det vert best mogleg for kvart enkelt barn. Registrer barnet som levert på Kidplan.</p>

### FRILEIK

<b>Mål</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Barna skal ha stort rom for leik i barnehagen</li> <li>Barna skal kunne starte leik, invitere andre inn i leiken og la seg inkludere i leik som andre har starta.</li> <li>Personalet er tett på med tilrettelegging, deltaking, hjelp og observasjon</li> </ul>
<b>Metode</b>	<p>Personalet må skape nok rom for leik, og legge til rette inspirerande leikemiljø etter modningsnivå til barna, med nok og variert leikemateriell. Dele barnegruppa i høveleg store grupper. Hjelpe barn som strevar i leiken. Gi barna i gruppa innspel som gir felles referanse for leiketema.</p>

### VAKSENSTYRT AKTIVITET-Forming/matlagning

<b>Mål</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Gi barna utfordring i ulike aktiviteter i høve alder og modning.</li> <li>Mestre kollektivt fokus, styrt av andre enn av barnet sjøl.</li> <li>Ta imot kollektiv beskjed, forstå at beskjeden gjeld også MEG.</li> <li>Styrke språkutviklinga til barna</li> </ul>
<b>Metode</b>	<p>Legge til rette og ta initiativ til slike aktivitetar. Dele barnegruppa i mindre grupper. Fokusere på ulike fagområde. Finne interessefelt hjå barna. Motivere til å prøve ny aktivitet. Vere fokusert på prosess og ikkje produkt. Skape meistringskjensle og stoltheit i barnet for det barnet skaper sjølv. EG KAN!</p>



### SAMLINGSSTUND

<b>Mål</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Barnet skal oppleve å høyre til i fellesskapet, ha det kjekt i lag.</li> <li>Barna skal kunne konsentrere seg, ta del, prate og lytte.</li> <li>Gi barna kjennskap til songar, rim/ regler, vitser/ gåter, leikar, eventyr, og aktuell barnelitteratur</li> <li>La barn oppleve glede ved kunnskapsformidling og kulturformidling</li> </ul>
------------	---



<b>Metode</b>	Samlingsstunda skal vere ei koseleg stund for store og små, der positiv dialog mellom barna og den vaksne skal ta stor plass. Å få prate i lag, at den enkelte får fortelje noko som opptek ein, og bli lytta til er viktige element å få plass til i denne stunda. Vi skal ha det kjekt i lag, og samlinga skal vere lystbetont for barna. Samlinga skal og vere lærerik. Barna får trenere på å lytte, sete stille, vente på tur, ta ordet i gruppa, konsentrere seg. Samlinga verkar språk fremjande. Barna får lære songar, leikar, eventyr, rim og regler som er ein del av kulturskatten vår. Vi må legge til rette for at barna sit godt, og at innhaldet vert variert for barna. Det er viktig at vi tilpassar i etter alder og modningnivå.
---------------	--

### TOALETT/HANDVASK/STELL

<b>Mål</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Barna skal etter kvart bli sjølvstendige i toalettsituasjon</li> <li>Innarbeide gode vaner med vask av hender etter toalettbesøk og før måltidet.</li> <li>Skape ein trygg og god praksis knytt til bleieskift</li> <li>Lære ord og omgrep knytt til situasjonen</li> </ul>	
<b>Metode</b>	Gi barna rom og ro til å verte trygge på situasjonen og få øvd seg. Sette ord på ord og omgrep. Mange daglege bleieskift høyrer med, særleg på 0-3 års avdelinga. Vi legg vekt på at dette skal verte ei fin stund med god kvalitet på relasjonen mellom barn og den vaksne. Bleieavvenning er viktig for barnehagebarna. Spesielt er 3 åringen ikkje heilt trygg på dette enno. Vi legg til rette for at barna skal få ei "privat stund " på toalettet.	

### MÅLTID

<b>Mål</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Måltidet i barnehagen skal vere ei hyggestund der barna opplever fellesskap</li> <li>Barna skal lære ord/omgrep knytt til mat og måltid.</li> <li>Lære god bordskikk , hjelpe kvarandre og gradvis meistre felles måltid.</li> </ul>
<b>Metode</b>	Fokuserer på den gode samtalen med barna. Personalet hjelper barna med sjølvstendighetstrening, Barna øver på å smøre på, slå i mjølk, be om det dei ynskjer og lytte til andre f.eks ved å hjelpe å sende fat til andre. Vi fokuserer på å lære dei skilnaden å svolten og mett. Syng for maten, takkar for maten og ryddar opp etter seg.

### GARDEROBE / AV- OG PÅKLEDNING

<b>Mål</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kunne navn på klesplagg og kroppsdelar.</li> <li>Meistre delar av, på og av kledningsprosessen, etter kvart klare alt sjølv</li> <li>Kunne konsentrere seg om eigen påkledningsprosess, holde fokus og framdrift, be om hjelp, vente på hjelp, oppleve mestring!</li> </ul>	
<b>Metode</b>	Personalet er tett på barna, rettleier, gir hjelpende hender, oppmuntrande ord og motivasjon. Gir barna tida dei treng og sikrar at situasjonen ikkje vert mas og stress. Små grupper av barn i gongen i garderoba. Fokuserer på å benevne kroppsdelar og klesplagg etter kvart som dei skal på eller av.	

## UTELEIK-TURAR

<b>Mål</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gi høve til allsidig leik og motorisk utfalding, bruke kroppen aktivt</li> <li>• Vere glad i å vere ute i all slags ver, oppleve årstidsendring</li> <li>• Verte kjent med uteområdet i bhg og vårt nærområde</li> <li>• Verte kjent med kvarandre på tvers av avdelingane.</li> </ul>	
<b>Metode</b>	<p>Ein tur ut kvar dag-for alle, unntak ved sterk vind/tore/lyn og andre omsyn med tanke på tryggleik. Vere observerande, deltakande vaksne som legg til rette, motiverer og hjelper til der det trengs, for å gi alle barn kjensle av å vere med i leiken og fellesskapet. Ta seg tid til å stoppe opp og undre seg over det barna er opptekne av å utforske. Felles ute tid på tvers av avdelingane.</p>	

## RYDDING

<b>Mål</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi vil lære barna medansvar for ryddinga.</li> <li>• La barna kjenne fordelane ved å møte ryddige rom</li> <li>• Få øving i sortering og lære ord og omgrep</li> </ul>
<b>Metode</b>	<p>Vi vaksne skal vere med å namngje leikene som vert rydda, motivere og skape ei god atmosfære. Ryddige lokale er med på å skape tryggleik for barna ved at dei finn det ein vil leike med. Det stimulerer og til meir variert leik. Bruke ryddebjelle eller ryddesang som varsling om at det er ryddetid. Førebu barna i forkant, slik at leiken får avslutte naturleg og fint for barna.</p>

## HENTING AV BARN

<b>Mål</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skape god og trygg avslutning på dagen</li> <li>• Få gitt og tatt imot nødvendig og informasjon</li> </ul>	
<b>Metode</b>	<p>Vere på plass i garderoba om det er mogleg. Snakke om dagen som har vore. Bygge gode relasjoner med føresette. Takker for i dag og seier ha det bra. Gleder oss til å sjåast igjen. Foreldre må alltid vere i kontakt med personalet før dei tek barnet med heim. Registrere barnet som henta på Kidplan.</p>	

## DEI 7 FAGOMRÅDA TIL BARNEHAGEN

Fagområda for læring i barnehagen er delt inn i 7 fag områder. Dette sikrar eit variert og allsidig innhald. Fagområde, arbeidsmåtar og innhald vil ofte overlappe kvarandre, og må sjåast i nær samanheng med kvarandre. Kvart fagområde dekker eit vidt læringsfelt, og vil skjeldan opptre isolert. Fagområda er til stades i leik, aktivitetar og samspel gjennom heile dagen. Det er viktig med god balanse mellom vaksenstyrte aktivitetar, og barna sine sjølvvalde aktivitetar. Når det gjeld formidla læring er det viktig å tilpasse utifrå alder, modning og kor mykje barnet er i barnehagen. Det er også viktig med progresjon og variasjon innanfor ulike tema, særleg for barna som går i barnehagen fleire år i strekk. Det gjer dei fleste barn i dag. Difor har vi laga ein kort plan som syner ein tenkt progresjon utifrå alder. Planen tek utgangspunkt i alder på barna, med eit innhald som naturleg utvidar seg etter kvart som barnet modnast og utviklar seg.

Det er viktig å minne om at det innafor dei ulike aldersstega vil finnast barn på same alder, men med ulikt utviklingsnivå. Det er personalet si oppgåve å finne ståstadene til barnet, og bygge vidare på dette med dei tiltak som nemnast i planen, slik at kvart barn får «akkurat passe» utfordringar og ein god progresjon. Progresjon er ein prosess, vi måler ikkje resultat. Synleg vekst og utvikling er i fokus.



## PROGRESJONSPLAN FOR FAGOMRÅDA

### FAGOMRÅDE: Språk, tekst og kommunikasjon.

#### MÅL:

- Skape eit godt språkmiljø, der barna opplever å verte «bada» i språk ved at vi vaksne er gode språkmodellar.
- Personalet skal vere bevisste på å benevne det vi møter på i kvardagen, i ulike aktivitetar og i her og nå situasjonane utifrå barna sin alder og modningsnivå.

1-2 år	3-4 år	5-6 år / Rosarussane
<p>Respondere på sitt eige namn (eg er meg). Lære seg dei andre barna og vaksne sitt namn på avdelinga.</p> <p>Forstå enkle beskjedar (t.d kan du hente boka).</p> <p>Utvikle evna til kommunisere i leik og samspel med andre barn.</p> <p>Vert kjent med peike og biletbøker, samt bøker med enkel tekst.</p> <p>Lære ulike songar med og utan bevegelse og enkle sangleiker, samt rim og regler.</p> <p>Nye ord og 2-3 ords setningar.</p> <p>Kvar er nasa, munnen, auga og øyra.</p> <p>Øve på å vere med på samlingsstund.</p> 	<p>Forstå ein del omgrep (preposisjonar, eintal/fleirtal, fargar, overomgrep, motsetningar, tal og bokstavar)</p> <p>Finne glede i høgtlesing, holde fokus</p> <p>Sette ord på kjensler</p> <p>Bevisstgjering i å nytte språk i konfliktsituasjoner</p> <p>Legge til rette for og delta i rolleleik. Fokus på leikekoder</p> <p>Svare på enkle spørsmål</p> <p>Bruke språket relevant i situasjon</p> <p>Ta ordet i samling, lytte</p> <p>Kan fortelje om noko som skjedde i går.</p> <p>Lytte til andre, og vente på tur</p> <p>Rim, regler, sangleikar</p> <p>Synge songar med fleire vers</p> <p>Kjenne til internett</p>	<p>Vidareutvikle dugleik og interesser etablert tidlegare</p> <p>Ta imot og følgje beskjeder</p> <p>Sette ord på kjensler og meininger</p> <p>Kunne kategorisere ord og forstå overomgrep (t.d. klede=bukse, jakke osv..)</p> <p>Bruke språket til å forklare det som har skjedd i ulike situasjoner</p> <p>Forstå humor og leike med språket</p> <p>Følgje med på høgtlesing, kunne reflektere over lest tekst i etterkant.</p> <p>Lytte til andre, og vente på tur i kommunikasjon, leik og spel.</p> <p>Kunne hevde eigne meininger og lytte til det andre fortel.</p> <p>Kjennskap til alfabet</p> <p>Kunne skrive sitt namn</p> <p>Interesse for leikeprega lesing og skriving</p> <p>Auke kjennskap til internett, ulike media.</p>

## FAGOMRÅDE: Kropp, bevegelse og helse

### MÅL:

- Ha eit inne og ute miljø som invitera og inspirera barna til fysisk aktivitet.
- Gi alle barn høve til fin og grovmotoriske aktivitetar og utvikling ut i frå interesse og meistringsnivå, samt kvile.
- Mat tilbodet skal vere eit variert og sunt kosthald, samt gode rutinar for hygiene.

1-2 år	3-4 år	5-6 år / Rosarussane
<p>Lære å gå, danse, hoppe og springe gjennom bevisstgjæring av eigen kropp og bruken av den.</p> <p>Korte tura i nærmiljøet</p> <p>Lære seg å spise og drikke sjølve.</p> <p>Øve på å vaske handa sjølv.</p> <p>Lære kva ulike kroppsdelar heiter (hand, fot, mage, hovud, rygg).</p> <p>Øve på å kle på og av sjølv.</p> <p>Øve på fin og grovmotoriske aktivitetar (t.d. puslespel, - hovud, skulder, kne og tå-).</p> <p>Oppleve gode vaner og eit sunt kosthald.</p> <p>Frå bleie til toalett</p>	<p>Meistre turar i variert terrenge</p> <p>Bruke kroppen aktivt inne og ute</p> <p>Kunne namn på kroppsdelar</p> <p>Meistre det meste av påkledninga sjølv</p> <p>Få gode erfaringar med friluftsliv til alle årstider.</p> <p>Øve på å huske å vaske hender før og etter toalettbesøk</p> <p>Øve på å smøre maten sjølv</p> <p>Øve på å bruke saks og rett blyantgrep</p>	<p>Lengre turar i variert terrenge</p> <p>Verte meir og meir sjølvstendig i dei fleste aktivitetar.</p> <p>Øve på å konsentrere seg over lengre tid.</p> <p>Kunne kle på seg sjølv og få ei byrjande forståing for kva som er naudsynte klede etter ver og årstid.</p> <p>Vaske hender før måltid og etter do besøk som fast praksis utan påminning.</p> <p>Meistre finmotoriske aktivitetar</p> <p>Samarbeide og beherske ballspel regelleikar og songleikar.</p> <p>Opparbeide respekt for eigen og andre sin kropp.</p> <p>Utvide forståing for samanheng mellom kosthald og helse</p>



## FAGOMRÅDE: Kunst, kultur og kreativitet

### MÅL:

- Kreative aktivitetar skal vere ein del av barnehage kvardagen, slik at barna får høve til å sjølv uttrykkje seg estetisk.
- Barna skal ha tilgang på eit variert utval av formingsmateriell og få erfaring med ulike teknikkar og utsyn innan for faget.
- Barnekulturen vert utvikla gjennom leiken, barnehagen skal derfor gi rom for utvikling og stimulering av barna sin nysgjerrighet og forskartrong.
- Barna skal også få erfaringar gjennom musikk, dans, drama, litteratur, film og biletkunst, samt lokale tradisjonar innanfor dette.

1-2 år	3-4 år	5-6 år / Rosarussane
<p>Få erfaringar med ulikt formingsmateriell.</p> <p>Legge til rette for at barna skal få høve til estetiske opplevingar.</p> <p>Utvikle fantasi og skaperglede.</p> <p>Musikk, song, rim og regler, dans og bevegelse.</p> <p>Få erfaring med rytmeinstrument.</p> <p>Delta i enkle male aktivitetar, f.eks via fingermaling</p>	<p>Få uttrykke seg estetisk gjennom dans, sang, rollelek o.l</p> <p>Klippe. Lime, teikne</p> <p>Kunne navn på ein del fargar</p> <p>Bruke instrument</p> <p>Kunne fleire barnesongar</p> <p>Oppleve glede gjennom å skape, via ulike formingsaktivitetar</p> <p>Meir erfaring med ulike maleteknikkar</p> <p>Rollelek, drama , utkledning</p>	<p>Kunne fargane, lage system, mønster</p> <p>Teikne/male enkle motiv</p> <p>Songar med fleire vers, meir avansert, lytte til musikk</p> <p>Korps i bhg, opptre for foreldre.</p> <p>Musikk og dans med enkle danseleikar</p> <p>Syng songar med fleire vers</p> <p>Stå fram i gruppa</p> <p>Delta i dramatisering av f.eks eventyr</p> <p>Rollelek, drama, utkledning</p>



## FAGOMRÅDE: Natur, miljø og teknologi

### MÅL:

- Uteleik og friluftsaktivitetar skal vere ein fast del av kvardagen i barnehagen, naturen gir rom for eit mangfald av opplevingar, og ulike aktivitetar i allslags vær gjennom dei ulike årstidene.
- Barna skal få grunnleggande innsikt i miljøvern og samspelet i naturen, samt erfare korleis teknikk kan brukast i leiken og kvardagslivet.

1-2 år	3-4 år	5-6 år / Rosarussane
<p>Få erfaring med ulikt terrenget og få høve til å utvide romforståelsen sin.</p> <p>Erfaring med å være ute i ulikt vær i dei ulike årstidene.</p> <p>Oppleve gleda av og vere ute i naturen.</p> <p>Undre seg over småkryp.</p> <p>Få kjennskap til ulike dyr (t.d. hund, katt, ku, gris, hest).</p>	 <p>Få erfare og undre seg til dei 4 årstidene</p> <p>Få kunnskap om dyr, insekt, fisk og blomster/ vekstar i nærmiljøet</p> <p>Verte introdusert for kildesortering</p> <p>Få kjennskap til dei 4 elementa : jord, ild, luft og vatn</p>	<p>Verte kjent med og få erfaring med endringane i naturen gjennom dei ulike årstidene</p> <p>Få byrjande kunnskap om livsløpet.</p> <p>Lære om solsystemet</p> <p>Få kunnskap om korleis menneske og naturen er avhengige av kvarandre</p> <p>Bli introdusert for miljøvern</p> <p>Enkle kjemi/fysikk forsøk</p> <p>Gjenbruk</p>



## FAGOMRÅDE: Etikk, religion og filosofi

### MÅL:

- Norge er eit fleirkulturelt samfunn, barnehagen skal gjennspegle dette ved å la barna få kjennskap til sin eigen og andre sin kultur, tru og tradisjonar.
- Barna skal få høve til å tilegne seg empati og utvikle konstruktive og nære relasjoner til andre menneske.

1-2 år	3-4 år	5-6 år / Rosarussen
<p>Markere høgtider og merkedagar på eit enkelt nivå.</p> <p>Få ei byrjande forståing for korleis vi er mot kvarandre.</p> <p>Glede i samvær og samspel med andre barn.</p> <p>Ta barna på alvor.</p> <p>Gi omsorg.</p> <p>Få ei byrjande forståing for at vi er ulike.</p>	<p>Lære seg å respektere og godta andre, bevisstgjøre på at eigne handlingar påverkar andre.</p> <p>Kunne løvelova</p> <p>Samtale om vennskap</p> <p>Lære å dele</p> <p>Prate om kjensler; glad, lei seg, sint, redd</p> <p>Få ei byrjande forståing for samfunnet sine verdiar og normer</p> <p>Utvikle evne til konfliktløysing</p> <p>Vite korleis og kvifor vi feirar ulike høgtider/ tradisjonar</p>	<p>Reflektere over kven ein er som person, og korleis ein vil vere.</p> <p>Kunne og forstå innhaldet i løvelova</p> <p>Vise respekt og toleranse i det vi seier og gjer mot kvarandre.</p> <p>Samtale og undre seg over grunnleggande spørsmål knytt til livet og døden</p> <p>Problemløysing og sjølvstendig tenking</p> <p>Kunne hevde seg sjølv og sine behov</p> <p>Utstrekkt grad av samarbeidserfaring</p>




## FAGOMRÅDE: Tal, rom og form

### MÅL:

- Bidra til å utvikle barna sin matematiske kompetanse gjennom leik, styrte og spontane aktivitetar i barnehage kvar dagen.
- Gi høve til å utforske, leike med tal, former og mønster, klassifisering, ordning, sortering og samanlikning. Barnehagen skal legge til rette for dette ved å gi barna tilgang til ulikt materiell som t.d. spel, tellemateriell, klossar, teknologi osv.

1-2 år	3-4 år	5-6 år / Rosarussen
<p>Leik med ulike former.</p> <p>Erfaringar med størrelse, stor – liten. Og omgropa tomt – fullt.</p> <p>Bygge med ulike klossar.</p> <p>Pusle med store brikker.</p> <p>Sortere og rydde leiker på sin plass.</p> <p>Forståing av tallremse 1,2,3</p> 	 <p>Efare, forske og leike med form og mønster</p> <p>Sortere etter form, farge og storleik</p> <p>Kjenne til firkant, trekant, sirkel</p> <p>Kunne grunnfargar</p> <p>Telle til 10</p> <p>Bygge med klossar</p> <p>Begrepsforståing</p>	<p>Utforske og erfare mengde</p> <p>Erfaring med terningspel o-l</p> <p>Arbeide med mengder opp til 5</p> <p>Utforske vekt og volum</p> <p>Konstruksjonsleik</p> <p>Erfaring med mengder opp til 10</p> <p>Jobbe med samanheng mellom talsymbol og mengde</p> <p>Kjenne vekedagar, månader , årstider</p> <p>Forstå rekkefølge</p> <p>Motsette omgrep: størst-minst, gamal-ny, lang-kort</p>



## FAGOMRÅDE: Nærmiljø og samfunn

### MÅL:

- Barnehagen skal bidra til at barna vert kjent med samfunnet gjennom utforsking, opplevelingar, og erfaringar i nærmiljøet, og skal møte verda utanfor familien med tillit og undring.
- Styrke kunnskapen til barna om lokalsamfunnet, natur, kunst og kultur, arbeidsliv, tradisjonar og levesett.
- Barna skal få kjennskap til det demokratiske prinsipp gjennom å få medverke i barnehage kvardagen.


1-2 år	3-4 år	5-6 år / Rosarussen
Verte trygge på seg sjølv, andre barn på avdelinga og personalet.  Få ei byrjande gruppekjensle.  Bli kjent i barnehagen og rundt.  Bli kjent med nærmiljøet til barnehagen.  Nasjonaldagen 17.mai  Samefolkets dag 6.mai	Efare at eigne handlingar kan påverke andre  Få oppleve at det dei gjer betyr noko for andre  Utforske nærmiljøet til barnehagen meir  Nasjonaldagen 17.mai  Samefolkets dag 6.mai  Få erfaring med ulike tradisjonar, skikkar, og kulturane/nasjonalitetane som er representerte i barnegruppa	Vere ein god venn, ta vare på kvarandre, støtte og hjelpe der det trengs.  Varte kjent med nokre bedrifter, og institusjonar i nærmiljøet  Kvar bur eg og vennane mine? Kunne stadnamn.  Kjennskap til Herøy kommune  Førebuing til skulestart besøke skulane og få besøk av kontaktlærar i bhg.  FN sin barnekonvensjon  Nasjonaldagen 17.mai  Samefolkets dag 6.mai  Utvikle forståing for ulike tradisjonar, skikkar, og kulturane/nasjonalitetane som er representerte i barnegruppa



## TILVENNING I BARNEHAGEN -DEI YNGSTE BARNA

For dei yngste barna i barnehagen er det viktig at vi fokuserer mest på, at barnet skal kjenne seg trygg og godt ivaretaken. Då er det viktig med ein forutsigbar kvardag og ei trygg tilvenning. Vi brukar mykje tid på dette kvart år. Alle barn er ulike og treng då ulik tid på å bli kjent med kvardagen i barnehagen. Avhengig av barnet sitt behov er det vanleg at tilvenningen tek frå nokre dagar til to veker. Barnet treng at foreldra har sett av tid til tilvenning. Vi i barnehagen kan ikkje på førehand seie eksakt kor lang tid ditt barn treng. Dette tek vi ilag når vi ser korleis ditt barn reagerer på å starte i barnehagen.

For å våge å utforske verda må ein vite at ein har ei trygg base å vende attende til når ein treng det. Denne basa er det foreldra som har vore for barnet før ein startar i barnehagen. Etterkvart ut i tilvenninga skal barnet oppleve at personalet i barnehagen fungerer som den trygge basa, i tida barnet oppheld seg i barnehagen. Personalet må vere nær og tett på barnet for å sjå og høyre signala barnet sender ut. F.eks no har eg behov for eit fang, eit smil, ei hand å holde i. Personalet må tolke barnet og vere med bistand, støtte, ros, trøyst, interesse og omsorg. Modellen nedanfor illustrerer godt kva barnet treng av sine nære vaksne-både i heimen og i barnehagen.



## STYRANDE ORGAN

### Eigarstyret

Det er foreldra som eig barnehagen. Eigarstyret som til ei kvar tid sit, er det styrande organet. Det sit 3 personar i styret som vert valde av årsmøtet. Sjå vedtekter for samvirkeføretaket Huldal barnehage SA.

### Foreldrerådet

Samansett av alle foreldra/føresette til barna som går i bhg. Skal fremje felles interessene til foreldra og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø. Skal få aktuelle saker framlagt, og har rett til å uttale seg i saker som er viktige for foreldra sitt forhold til barnehagen.

### Samarbeidsutvalet

Skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ. Samansett av foreldre/føresette og tilsette i barnehagen. Barnehageeigar deltek etter eige ønskje. Representantane vert valde for eit år. Men kan ta attval, og vere med i fleire år om dei ønskjer det. Det er fint for kontinuiteten at representantane sit i meir enn eit år. Samarbeidsutvalet skal bli førelagt og har rett til å uttale seg i saker som er viktige for barnehagens innhald, verksemda og forholdet til foreldra. Styrar har møte, tale og forslagsrett i samarbeidsutvalet.

### Dugnadsstyret

To foreldre valde på foreldremøte er med i dugnadsstyret saman med styrar, og har ansvar for å bestemme kva som skal prioriterast, handle inn det ein treng og organisere dugnadsflokkene.

#### Rammene for dugnadsarbeidet i barnehagen:

Kvart foreldrepar skal jobbe 6 timer pr.år for barnehagen. Det vert krevd kr.200,-pr.time ein ikkje jobbar inn. Når ein har vore på dugnad vert det ført liste over timane den enkelte har jobba. Om bhg har behov for meir vedlikehald, eller anna arbeid utover dei 6 timane, vil dette verte krevd av foreldra. Finns det ikkje arbeid til 6 timer pr. foreldrepar vert det sjølvsagt ikkje krevd inn betaling for timane.

Det vert hovudsakleg lagt opp til 2 fellesdugnader pr.år. Ein på hausten og ein på våren. Foredregruppa ønskjer å gjøre dugnadane til ein sosial arena, der vi kan verte betre kjente gjennom å arbeide saman og "kose oss med kaffi og noko attå". Avvik frå fellesdugnadane kan skje dersom ein har eit større prosjekt under arbeid. Mindre reperasjonar /oppgåver gjennom året utfører dei to som sit i dugnadsstyret.

Personalet v/styrar set opp liste over ønska utført arbeid haust og vår, og diskuterer dette med dugnadsstyret.

## SAMARBEID MELLOM BARNEHAGEN OG HEIMANE

Barnehagen har som mål å sikre gode utviklings og aktivitetsmoglegheiter i nær forståing og samarbeid med heimane. Eit godt og nært samarbeid mellom personalet og foreldra er viktig for at barnet skal trivast best mogleg i barnehagen. Barna oppleve at personalet og foreldra kjenner kvarandre, og har tillit til kvarandre. De som foreldre kjenner barnet dykkar betre enn nokon annan, og den informasjonen de kan gi oss om barnet er svært viktig for opphaldet i barnehagen.

### **Personalet vil bidra med å :**


- Møte barna og foreldre på ein positiv måte når de kjem til barnehagen.
- Freiste å gi foreldra best mogleg tilbakemelding på korleis dagen i dag har vore.
- Vere flittige brukara av Kidplan til kommunikasjon, dokumentasjon og informasjonsdeling
- Tilby foreldresamtalar der vi set fokus på barnet si utvikling og drøfter korleis barnet sine behov, best kan ivaretakast i barnehagen og heime.
- Kunne rettleie i korleis vere ein varm og grensesettande vaksen i møte med barnet.
- Arrangere foreldremøte
- Invitere barn og familiene til ulike arrangement
- 

### **Vi oppmodar foreldra til å bidra med å:**

- Vere engasjerte, nysgjerrige, stille spørsmål, vere kritiske, gi ris og ros, kome med forslag og idear.
- Foreldra MÅ vere i kontakt med personalet før de går frå barnet om morgonen, eller hentar barnet i barnehagen på ettermiddag.
- Lese månadsplanen og anna planverk eller brev som kjem ut til dykk
- Halde dokke orienterte på Tavla på Kidplan og magnettavlene /inngangsdøra i bhg.
- Delta på foreldremøte, dugnad og andre familiearrangement.
- Sørge for at barna har klede etter ver og årstid tilgjengelig i bhg til ei kvar tid
- Merke klede/sko
- Orientere oss om viktige hendingar i barnet sin livssituasjon, t.d flytting, alvorlig sjukdom i familien, foreldre som reiser vekk, endring i samværsordningar mm.

### **NB!**

**De må gjerne ringe til barnehagen, dersom de lurer på noko, er usikre eller uroa for korleis det går med barnet dykkar her i barnehagen!**



## **PERSONALSAMARBEID UTVIKLING OG KOMPETANSEHEVING**

Barnehagen sin viktigaste ressurs er personalet. Det stillast store krav til samarbeidsevner når ein arbeider så tett inn på kvarandre gjennom heile dagen, som ein gjer som tilsett i barnehage. Det sosiale klimaet totalt i barnehagen, vert prega av korleis dei vaksne har det saman på jobb.

**Vårt felles hovudmål er at alle i personalet skal oppleve Huldal barnehage som ein god arbeidsplass, der det er godt å vere, og at kvar enkelt kjenner seg inkludert og viktig for fellesskapen!**

**Dette vil vi gjøre for å fremje personalarbeidet:**

- Legge til rette for faste personalmøter der vi i fellesskap planlegg og evaluerer arbeidet vårt.
- Legge til rette for ei arbeid -og ansvarsfordeling som best mogleg fangar opp ressursane som ligg i personalgruppa.
- Skape rom for diskusjon og faglege drøftingar kring arbeidet vårt.
- Legge til rette for kvarandre, når nokon treng ekstra støtte frå flokken sin.
- Løfte kvarandre med rosande ord og klapp på skuldra!
- Lage pedagogisk årsplan og kortare temaplanar samt månadsplan for barnehagen.
- Ta del på kurs og kompetansehevande samlingar.
- Medarbeidar samtalar fast på agendaen kvart år
- Arrangere uformelle samlingar eller turar på kveldstid, der vi har det triveleg saman som gruppe og styrkar relasjonane mellom oss.
- Alle har forplikta seg til å følge arbeidsmiljøavtalen vi har laga i fellesskap.

**Som den pedagogiske samfunnsinstitusjonen vi er, må vi vere i endring og utvikling.**

**Vi vil vere ein lærande organisasjon som er rusta til å møte nye krav og utfordringar.**

**Det krev dagleg refleksjon over eige arbeid, og stadig utvikling av den felles kompetansen vår som personalgruppe.**



## VURDERING

Evaluering er nødvendig for å kvalitetssikre jobben vi gjer. Det er også ei forutsetning for å utvikle og endre innhaldet i barnehagen. Utifrå vurderinga av det utførte kan vi få svar på om vi har klart å nå dei måla vi har sett oss og korleis vi skal gå fram vidare. Systematisk vurderingsarbeid og refleksjon legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon. Særleg fokus har vi på evaluering av barn og vaksne sin trivsel og utvikling, og samarbeid med foreldra. Praksis i kvardagssituasjonar, pedagogisk innhald, tilhøvet for enkeltbarn og barnegruppa vert vurdert og reflektert over kontinuerleg. Nødvendige tiltak vert sett inn og prøvd nytteverdien av. Plan dokument som Verksemdsplan, Årsplan, månadsplanar og liknande vert vurdert om dei er realistiske, og om dei stettar behov og lovkrav. Tilsette, barn og føresette er med i vurderingsarbeidet i Huldal barnehage.

## ADMINISTRATIV OG PEDAGOGISK ÅRSOVERSIKT

AUGUST	1.planleggingsdag, tilvenning nye barn og vaksne. Utarbeide ny årsplan	JANUAR	3.planleggingsdag, møte i SU? Budsjettarbeid, Medarbeidersamtale
SEPTEMBER	Foreldremøte, val av foreldre repr til SU, og dugnadssyre SU fastset Årsplanen, Brannøvingar	FEBRUAR	Utlysing ledige barnehageplasser, frist for endring av plass for neste bhg år
OKTOBER	2.planleggingsdag, dugnad, individuelle foreldresamtalar, foreldrekaffi	MARS	4.planleggingsdag, Opptak av barn/endring av plass, Påskevandring i kyrkja, påskefrokost , brannøving
NOVEMBER	Individuelle foreldresamtalar, juleførebuingane startar	APRIL	Årsmøte i samvirkeføretaket, innlevering av feriekontrakt, lage plan for ferieavvikling,
DESEMBER	Lucia feiring, adventsstund, nisselfest, julevandring i kyrkja	MAI	5.planleggingsdag, Dugnad, Evaluering av Årsplanen, Rosaruss feiring
		JUNI/JULI	Sommar avslutning, Ferieavvikling, Nedvask av barnehagen, Besøk av nye barn som skal starte til hausten

## SAMARBEID MED ANDRE INSTANSAR

Huldal barnehage har eit nært samarbeid med **avdelingsleiar barnehage i Herøy kommune**, **PPT-tenesta, barnevernet** og **helseyster** i Herøy kommune. Enkeltbarn vert ikkje drøfta med andre instansar, utan skriftleg samtykke frå foreldre. Men vi kan drøfte saker anonymt og få rettleiing og råd. Personalet er underlagt teieplikt og opplysningsplikt i høve Lov om barnehagar kap.6 § 21-§23.

**Kartlegging og observasjon** av barn er ein viktig del av arbeidet vårt i barnehagen.

Observasjon gjev oss innsikt i det enkelte barnet si utvikling og korleis klimaet i barnegruppa er. Denne innsikta treng vi for å kunne legge til rette for eit godt pedagogisk arbeid. Vidare og for å kunne fange opp så tidleg som råd om det er behov for profesjonelle styrkingstiltak via andre instansar, opp imot enkeltbarn eller barnegruppe.

**Støttepedagog ordninga:** Herøy kommune har 2 støttepedagogar som arbeider rundt i både kommunale og private barnehagar i Herøy, for å gi støtte i det ordinære barnehage tilbodet. Dei jobbar opp imot barn som det er søkt om styrking for, i høve f.eks språk og andre utfordringar barn kan ha.

**4-års kontroll på helsestasjonen:** Det er etablert eit nærrare samarbeid mellom bhg og helsestasjon i forbindelse med 4-års kontrollen. Dette for å få ei breiare kartlegging av 4 åringane. Barnehagen observerer barnet og fyller ut eit skjema i samarbeid med foreldra, som vert sendt til helsestasjon ca ein månad før barnet er 4 år.

**Overgang frå barnehage til skule:**

Barnehagane og skulane i Herøy har i fleire år hatt eit godt samarbeid når det gjeld overgang mellom barnehage og skule. Det er utarbeidd ein handlingsplan, som viser kva som skal gjerast, og kven som har ansvar. Planen er til revisjon i 2021-22.

Pedagogane i barnehagen møter lærarar og rektorar til eit samarbeidsmøte kvart 3. år. Her viser barnehagen kva vi har hatt fokus på i barnehagen, og skulen gjev oss ei påminning om kva det er viktig at barna meistra før dei skal ta til i skulen. Prosedyre med innskriving og førskuledag på våren er med på å gjere overgangen god og tryggare for barna. Aktuell informasjon kring barnet som skal ta til på skulen vert gjeven av styrar til rektor/kontaktlærar. Det som vert sagt eller skrive om det enkelte barn er avklara med signatur frå foreldre på førehand.



# **FERIEKONTRAKT I HULDAL BARNEHAGE**

Kvart år i april må foreldra bestemme sommarferie avviklinga for sitt barn via denne kontrakta. Kontrakta vert delt ut og skal innleverast innan gitt frist.

<b>Navn på barnet/barna</b>	
<b>Føresette</b>	

Det nærmar seg sommar, og det er snart tid for å planlegge sommarferien til store og små. Jmf. vedtekten til barnehagen skal alle barn ha minst 4 veker ferie i løpet av barnehageåret. 3 av desse skal vere samanhengande om sommaren, i månadane juni, juli og august.

Born som skal byrje på skulen til hausten, kan nytte plassen fram til nytt barnehageår tek til 9.august, men må ha avvikla ferien før denne datoен. Dei som alt har avvikla ei ferieveke i inneverande bhg år, må ha minst 3 veker sommarferie. All ferie som avviklast i løpet av året, skal vere informert om til dagleg leiar ein månad i forkant av avviklinga.

Det er sjølvsgatt høve til å ha ta ut lengre ferie enn 4 veker.

Vi minner om at ferien til personalet vert lagt opp etter tilbakemeldingar frå dykk, og ber om forståing for at det er vanskeleg å endre ferien i ettertid. **NB!** Manglande innlevert feriekontrakt fører til at ferien til barnet vert plassert i veke 28,29,30,31!

**VENNIGST SETT OPP MINST 4 VEKER FERIE, OG LEVER TIL AVDELINGA  
DYKKAR INNAN : \_\_\_\_\_**

<b>Veke nr:</b>	<b>Veke nr:</b>	<b>Veke nr:</b>	<b>Veke nr:</b>

Kommentarar/opplysningar:

---

---

---

Kjære mamma og pappa 😍


**TUSEN TAKK FOR AT DE VALgte HULDAL BARNEHAGE  
SOM BARNEHAGE FOR BARNET DYKKAR!**



*Barn er som sommerfugler i vinden*

NOEN FLYR HØYERE ENN ANDRE, MEN ALLE FLYR  
SÅ GODT DE KAN.  
SÅ HVORFOR SAMMENLIGNE DEM?

HVER AV DEM ER FORSKJELIGE, SPESIELLE  
OG VIDUNDERLIGE



EG OG DU-VI TO-SAMAN! ❤️ ❤️